

Innspel til Lesekommisjonen frå Falturiltu

Falturiltu er ein festivalarena for nynorsk litteratur og kunstuttrykk, med eit særskilt fokus på barne- og ungdomslitteratur. Falturiltu er den største nynorske barnelitteraturfestivalen i Noreg og arbeider med å styrkja barn og unge si tilhøyrse til eige språk og å styrkja ulike måtar å uttrykkja seg på. I løpet av ei veke løftar festivalen fram kreativ og nyskapande formidling, i tillegg til å skapa nye produksjonar på nynorsk. Barn og ungdom i alle aldrar er aktive deltakarar, og festivalen si målsetjing er at han skal vera open, inkluderande og tankevekkande.

Kvart år legg festivalen opp til eit program som tek utgangspunkt i ein raud tråd og tematikk knytt til ein eller fleire festivalforfattarar. Sidan mange av programpostane er lagde til skuletida, når festivalen ut til mange av grunnskuleelevene i regionen. I samarbeid med nærliggande kommunar når festivalen over 6 000 publikummarar i løpet av ei festivalveke.

Falturiltu ser veldig positivt på mandatet til Lesekommisjonen, og ønskjer å dela frå vår praktiske erfaring med litteraturformidling for barn og unge. Me sluttar oss til vurderingane i innspelet frå Rådet i Litteraturselskapet Det Norske Samlaget, men ønskjer å utdjupa desse frå vårt ståstad som formidlingsarena.

Nokre av dei viktigaste punkta i innspela våre:

- Leseglede blir skapt i møtet mellom barn og profesjonelle formidlarar. Dette skjer gjennom opplesing, forfattarbesøk, scenekunst og andre kunstnarlege uttrykk – og ikkje berre gjennom stille, individuell lesing.
- Kunstnarleg formidling bør vera ein sjølvstendig og systematisk del av barnehagane og skulane sitt arbeid med lesing, ikkje eit tilleggstiltak avhengig av tilfeldig prosjektfinsiering eller den einskilde tilsette/ eldsjeler sine eige initiativ.
- Tiltak for leseglede må sjåast i samanheng med tilgangen til nynorsk litteratur og kunstuttrykk, som framleis er mykje mindre enn tilgangen på bokmål. Innan sjangrar som m.a. teikneseriar og fantasy finst det urovekkande lite utval på nynorsk.
- Kommunar og fylkeskommunar bør forankra litteraturfestivalar, forfattarbesøk og bibliotekformidling som ein integrert del av det lokale leseopplæring, med fleirårig og føreseieleig finansiering.
- Statlege støtteordningar til litteraturformidling og DKS-produksjonar bør styrkjast og i større grad prioritera nynorsk formidling.
- Lærarutdanningane bør gje studentar og lærarar kunnskap om kunstnarleg litteraturformidling som verkemiddel for leseglede, i tillegg til kunnskap om nynorsk leseopplæring. Her er det mykje god forskning og metodekunnskap å henta frå Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet, Nynorsksenteret med fleire.

Barnehagar og skular: kunstnarleg formidling som verkemiddel for leseglede

Erfaringane frå Falturiltu syner at barn og unge sitt forhold til lesing og språk blir styrkt gjennom levande møte med litteratur og kunst. Kvart år engasjerer festivalen minst 40 profesjonelle formidlarar – forfattarar, illustratørar, scenekunstnarar og musikarar – som saman stimulerer til leselyst,

meistringskjensle og språkleg sjølvkjensle hjå barn og unge. Når barn opplever forfattaren bak boka, eller ser ein tekst omsett til scene, musikk eller biletkunst, når litteraturen ut på ein heilt anna måte enn ei bok som er på pensum. Dette gjeld særskilt barn og ungdom som får prøva seg som bokbadarar eller på anna måte deltek i ei litterær formidling.

Ei slik form for formidling meiner me har ein viktig sosial dimensjon. Falturiltu arbeider systematisk for at barn på Stord og i nærregionen årleg får tilbod om festivalaktivitetar, og legg til rette for felles opplevingar, gjerne i møte med lokale tradisjonar og andre kunst- og kulturuttrykk. Å kjenna seg inkludert og sett i eit litterært og kulturelt fellesskap er etter vår meining ein føresetnad for leseglede. Ikkje minst for dei barna som ikkje møter lesing og litteratur som ein naturleg del i heimen sin.

Me vil difor rå Lesekommisjonen til å tilrå at barnehagar og skular:

- Set av fast tid gjennom heile året til møte med profesjonelle forfattarar og formidlarar, som ein integrert og tilbakevendande del av leseopplæringa – ikkje berre som enkeltståande DKS-besøk.
- Nyttar kunstnarleg formidling – opplesing, forteljarkunst, dramatisering – aktivt som metode for å byggja leselyst før og parallelt med den meir tekniske leseopplæringa, særleg i barnehage og på småskuletrinnet.
- Ser lese- og litteraturopplevingar i samanheng med andre kunstuttrykk og samfunnsaktuelle tema, slik at litteraturen kjem i dialog med det barna elles er opptekne av.

Anbefalingar til kommunar og fylkeskommunar

Litteraturfestivalar som Falturiltu er ofte avhengige av prosjektbasert finansiering frå år til år, noko som er naturleg med tanke på at Kulturrådet får årlege rammeoverføringar. Å få forankra festivalen kommunalt og på fylkesnivå har difor vore viktig for å gje festivalen langsiktig planleggingshorisont og forankring. Kommunar og fylkeskommunar bør difor:

- Prioritera litteraturfestivalar, forfattarbesøk og bibliotekprogram som del av kommunen sin leseløft-innsats – ikkje berre som eit kulturtiltak åtskilt frå skulesektoren.
- Sikra at DKS-ordninga og skulebiblioteka i nynorskkommunar prioriterer nynorsk litteraturinnkjøp og formidling.
- Sikra at skulebiblioteka har ein dedikert tilsetttressurs – det held ikkje berre å setja opp ei hylle med bøker og forventa at elevane sjølve skal finna fram og bli inspirerte. Elevar treng leseførebilete, som dei finn i skulebibliotekaren - med kunnskap om kva som finst og kva som bør vera tilgjengeleg til ei kvar tid.
- Legga til rette for systematisk samarbeid mellom kultursektor, skule og bibliotek lokalt, slik at litteraturformidling ikkje kviler på enkeltpersonar eller tilfeldige einskildtiltak.
- Støtta opp om regionale nettverk der festivalar, bibliotek og skular deler kompetanse og ressursar på tvers av kommunegrenser, slik at også mindre kommunar får tilgang til profesjonell litteraturformidling. Falturiltu er sjølv med i eit slikt nettverk – «Barnelitterært utviklingsnettverk» – der seks festival- og bibliotekpartnarar samarbeider om fysiske møteplassar og kompetansedeling i perioden 2026–2028.

Nynorsk som lese- og kunstspråk må stimulerast frå tidleg alder

Falturiltu sluttar seg til vurderinga frå Rådet i Litteraturselskapet Det Norske Samlaget om at føresetnadene for å læra å lesa nynorsk er annleis enn for bokmål, og at barn treng meir eksponering for nynorsk for å bli trygge nynorsklesarar – mellom anna gjennom ei eiga sidemålsordning i skulen. Frå festivalarbeidet vårt ser me at dette gjeld ikkje berre lesing i snever forstand, men språket sin plass som kunst- og scenespråk generelt. Falturiltu arbeider systematisk for å vera ein nasjonal visningsarena med eit breitt samansett program av kunstnarlege utøvarar med tilknytning til nynorsk, og for at det nynorske språket skal stå sterkt hjå innbyggjarane, mellom anna gjennom systematisk språkopplæring og språkkafe for nye innbyggjarar.

Me meiner Lesekommisjonen bør sjå desse to sidene i samanheng. Barn som opplever nynorsk som eit levande språk i musikk, scenekunst og visuelle uttrykk, vil òg lettare kjenna seg heime i nynorsk som lesespråk. Difor bør tiltak for å styrkja lesing på nynorsk òg omfatta støtte til kunstnarleg produksjon og formidling på nynorsk, ikkje berre bøker og undervisningsmateriell.

Nasjonale rammevilkår og støtteordningar

Falturiltu meiner at det trengst meir målretta støtteordningar og rammevilkår - både til å gje ut fleire nynorske barne- og ungdomsbøker, og til å formidla dei. Me vil rå til at:

- Støtteordningane til Kulturrådet og Utdanningsdirektoratet i større grad prioriterer litteraturformidling og -festivalar retta mot barn og unge, med særskilt vekt på nynorsk formidling.
- Det blir vurdert meir føreseielege, fleirårige finansieringsordningar for etablerte litteraturfestivalar som når breitt ut til grunnskuleelevar, framfor rein prosjektfansiering.
- Kulturtanken igjen gjev støtte til utvikling av fleire nynorske DKS-produksjonar, slik det tidlegare har vore høve til.
- Folkebiblioteka får fleire øymerke overføringar til arrangement, særleg retta mot unge målgrupper. Falturiltu er eit bidrag til å skapa formidlingsaktivitet i og saman med dei ti folkebiblioteka i vår region, men arrangementsbudsjetta til mange av biblioteka er i dag altfor små til å bera dette åleine.
- Ein støtter seg på god leseforskning og vel utprøvde formidlingsmetodar for barnehage og skule, og skapar ein organisert delekultur for kunnskap frå viktige institusjonar som Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Agder og Nynorsksenteret.

Stord, 31. august 2026

Trond Leirvik Onarheim

Festivalleiar for Falturiltu